

Referat frå møte i kommunalt FAU

Torsdag 15. september 2018, kl. 18.00 – 19.30

Kommunestyresalen, kommunehuset på Sand

Desse møtte: Maren Landsnes, Bodil Johnsen (Jelsa oppvekstsenter), Lars Ove Fjetland (Marvik skule), Ketil Strømme, Liv Johanne Thorsen (Sand skule), Helen Moen Gjuvsland, Arne Mehus (Vinjar skule) Ann Elisabeth H. Langeland, Kjersti Eikemo Tveit (Nesflaten oppvekstsenter) Silje Katrin Lunde og Hilde Nora Våge (Erfjord skule)

Meldt forfall: Morten Bakken

Sak 1: Godkjenning av innkalling og møtereferat

Ingen merknadar

Sak 2: Skuleskyss, status etter at ordførar Gerd Helen Bø hadde møte med Kolumbus 11.10.20018

Suldal kommune opplev eit godt samarbeid. Kolumbus og Tide er positive til å retta opp i dei startvanskane grendene har møtt i forbindelse med skuleskyss. Gerd Helen oppmodar føresette til å ta kontakt med Kolumbus dersom det er noko som ikkje fungerer slik at dei har mulighet til å løyse det.

Sak 3. Fastsette nytt KFAU-møte der kommunalsjef for oppvekst kan komme med diverse informasjon

Lars Ove tek kontakt med kommunalsjef for oppvekst, forslag til dato er 24. Januar.

Sak 4. Gradering av SFO pakkar

I vedtekter for skulefritidsordninga i Suldal kommune, *gjeldande frå 01.03.2018 står det: Rektor ved den einskilde SFO fastset opningstid i høve til behov og kan vurdere lokale tilpassingar.* KFAU tek ein runde på eigen skule der det er komme inn ønskje om lokal tilpassing.

KFAU ønskjer at dagens ordning blir evaluert før søknadsfrist 1. mars 2019.

Sak 5. Kveldsmøte om psykologisk førstehjelp i Suldal kommune 28. og 29. Januar 2019

Suldal kommune ved folkehelseforum har bestemt at hovudsatsinga for 2018 skal gå til ei større satsing på kompetanseheving for tilsette, implementering og rutineutforming knytt til bruk av psykologisk førstehjelp for born og unge i barnehagane, skulane og på helsestasjonen/psykisk helse. Ein ønskjer også innføring til foreldre og føresette slik at verktøyet i større grad kan nyttast som felles verktøy mellom barnehage, skule, helsestasjon, andre einingar i kommunen og foreldre/føresette.

KFAU har fått invitasjon, og har takka ja til å bidra med praktiske gjeremål i samband med kveldsmøte om psykologisk førstehjelp. Dette innebære formidling av informasjon om kveldsmøta og t.d. klargjering/rydding.

28. januar: Suldal

29. januar: Erfjord / Jelsa

Sak 6. Ymse

- KFAU ønskjer informasjon omkring tilsynet ved Sand skule, om skulane sitt arbeid med elevane sitt utbyte av opplæringa og skulebasert vurdering i Suldal kommune.
- Elevane sin arbeidsplass. Vinjar skule og Nesflaten oppvekstsenter har same stolproblematikken som Sand skule. Ketil har skrevet utkast til brev, og tek prosessen vidare.